



Statens landbruksforvaltning  
*Norwegian Agricultural Authority*

Årsmelding og rekneskap 2006

*Omsetningsrådet*



# Innhold

	<a href="#">Leiaren har ordet</a>	3
	<a href="#">Omsetningslova og marknadsregulering</a>	4
	<a href="#">Fakta om Omsetningsrådet</a>	6
	<a href="#">Omsetningsrådets nøkkeltal 2006</a>	8
	<a href="#">Mjølke</a>	11
	<a href="#">Kjøtt</a>	14
	<a href="#">Fjørfe</a>	18
	<a href="#">Hagebruksprodukt og poteter</a>	23
	<a href="#">Korn</a>	26
	<a href="#">Pelsdyr</a>	28
	<a href="#">Rekneskap og notar</a>	30
	<a href="#">Orientering frå revisor</a>	37
	<a href="#">Oversikt over regelverk knytt til marknadsreguleringa</a>	38

## Leiaren har ordet

For Omsetningsrådet har 2006 vore eit godt arbeidsår, sjølv om det har vore utfordrande. Det er no god balanse i dei fleste produksjonane. Når det gjeld storfe og sau/lam, er det til og med rom for ei opptrapping av produksjonen. Unntaket er svinekjøt, der vi og i 2006 har hatt store utfordringar på grunn av overproduksjon. Sidan 2003, då konsesjonsgrensene for svinehald vart utvida, har overskotsproblema vore stadig aukande. Ved byrjinga av 2007 er det difor gledeleg å konstatere at marknadssituasjonen no ser ut til å vere i betring.

For å skape balanse i marknaden for svinekjøt har det vore nødvendig å bruke alle dei etablerte virkemidlane i marknadsreguleringsystemet. I tillegg har vi funne det nødvendig å setje inn nye produksjonsregulerande virkemiddel som reduserte slaktevekter og slakting av ekstra lette grisar. Dette har vore frivillige ordningar, men dei har likevel fått god tilslutning og gitt eit viktig bidrag til at marknaden har kome nærare balanse. Eg vil likevel minne om at marknadsreguleringa er meint å være eit virkemiddel for å handtere temporære overskot og at tiltaka i utgangspunktet skal være kortvarige. I den situasjonen med stor endring i rammevilkåra som heving av konsesjonsgrensa i 2003 skapte, har Omsetningsrådet sett det som si oppgåve å gjere overgangen så leppeleg som mogleg for produsentane inntil prisen i marknaden har funne eit nivå som sikrar marknadsbalansen. I tråd med gjeldande landbrukspolitikk er det pris som skal være hovedvirkemiddelet for å unngå permanente overskotsproblem. Det er mitt håp at produksjonen no tilpassar seg marknaden, det vil både produsentar og forbrukarar tene på.

I jordbruksoppgjeret 2005 vart det semje om å ta fjørfekjøtt ut av systemet for marknadsregulering når det gjeld avsetningstiltak frå og med 1. januar 2007. Dette inneber mellom anna at Prior si rolle som marknadsregulator for fjørfekjøtt er avvikla saman med målpris og regulerande tiltak på tilbodssida. Fellesfinansierte faglege tiltak og opplysningsverksemd blir vidareført. I samband med dette har det vore nødvendig for Omsetningsrådet å avklare fleire spørsmål knytte til gjennomføring av avviklinga og til organisering og vidare drift av dei elementa som skal vidareførast. Prosessen med å gjennomføre desse endringane har gått etter planen. Marknaden for fjørfekjøtt er for tida i god utvikling, og avviklinga av avsetningstiltaka har ikkje gitt utslag i høve til marknadsbalansen.

E. coli-saka i 2006 var ei dramatisk hending for alle som vart råka av smitte, og for kjøttbransjen. I samband med E. coli-utbrotet løyvde Omsetningsrådet i april 3,5 millionar kroner til ein kjøkkenhygiene-

kampanje i regi av Opplysningskontoret for kjøtt. Formålet med kampanjen var å bidra til kunnskap hos forbrukarane om behandling av kjøtt på ein hygienisk riktig måte.

Trusselen om at fugleinflensaen skulle spreie seg til Norge og til norske tamfuglbesetningar, har vore ei påminning om at marknaden for ei landbruksvare raskt kan endre seg. Omsetningsrådet løyvde våren 2006 midlar til faglege tiltak og opplysningsverksemd for å dempe konsekvensane i marknaden av eit mogleg utbrot, men ettersom det ikkje vart påvist slik smitte i Norge, vart berre eit mindre beløp brukt til formålet.

Etter mi meining fungerer dagens reguleringsystem til beste både for produsentar og forbrukarar. Produsentane får stabile prisar for varene sine, og prisane er dei same uavhengig av kvar i landet produsenten bur. Forbrukarane på si side er sikra stabile forsyningar til om lag same pris i heile landet. Og sist, men ikkje minst: Reguleringsystemet er kostnadseffektivt i og med at det er dei største marknadsaktørane som tek ansvar for reguleringa. Dei har best kjennskap til marknaden og har stor interesse av å løyse problema. Dessutan er marknadsregulatorane eigde av bøndene, noko som sikrar at reguleringa skjer på billegast mogleg måte, sidan det er bøndene sjølve som finansierer reguleringa gjennom omsetningsavgifta.

Alt i alt har 2006 vore eit spennande og utfordrande år for oss i Omsetningsrådet, og eg vil takke vårt sekretariat og SLF for god sakshandsaming. Sekretariatet er dyktige til å konsultere ulike partar og finne gode løysingar når situasjonen krev det. Det nye og meir effektive systemet for saksbehandling der innsyn er eit av formåla, har virka godt og oppfylt forventningane våre.

Ottar Befring




Foto: Torbjørn Tandberg

Leiar i  
Omsetningsrådet  
Ottar Befring

# Omsetningslova og marknadsregulering



## Omsetningslova

Balansering av matvaremarknadene er ei hovudutfordring i landbrukspolitikken. For landbruksvarer fører sjølv ein liten overproduksjon til relativt stor ubalanse i marknaden.

Det viktigaste formålet til marknadsreguleringa er å skape balanse mellom tilbod og etterspørsel av landbruksvarer. Omsetningslova er det juridiske grunnlaget for marknadsreguleringsordninga, og Omsetningsrådet er etter lova sett til å forvalte ordninga.

Omsetningslova, lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvarer (lov av 10. juli 1936), dekkjer desse vareslaga:

- Kjøtt av storfe, kalv, sau, svin og fjørfe
- Mjølkk, smør og ost
- Egg
- Korn og oljefrø
- Hagebruks- og gartneriprodukt
- Pelsdyrskinn

For matpoteter kan Omsetningsrådet setje i verk avsetningstiltak som blir finansierte over jordbruksavtalen.

## Marknadsreguleringsordninga

Hovudideen bak marknadsreguleringa er å balansere varetilførselen til marknaden ved å regulere bort overskotskvantumet, mens kostnadene ved dette blir fordelte på all produksjon gjennom avgiftslegging. Ordninga blir finansiert av bøndene sjølve. Når dei omset produkta, betaler dei inn eit fast beløp pr. kilo/liter i omsetningsavgift. Avgifta går inn i eit fond og blir brukt til avsetningstiltak, faglege tiltak og opplysningsarbeid. Saman med importvernet legg marknadsregulering grunnlaget for at bonden skal kunne ta ut dei prisane som er forhandla fram i jordbruksforhandlingane på kjøtt, mjølk, egg, korn og hagebruksprodukt.

Dei viktigaste måla for marknadsreguleringa i norsk landbruk, slik dei er formulerte i St.meld. nr. 19 (1999–2000) om norsk landbruk og matproduksjon, er:

- Mest mulig stabile priser for produsentene, noenlunde ens priser over hele landet
- Stabile avsetningsmuligheter for produsentene
- Stabile forsyninger i alle forbruksområder og til noenlunde ens pris
- Reguleringa skal bidra til at produsentene oppnår priser mest mulig i samsvar med jordbruksavtalenes forutsetninger, samtidig som prisen i markedet skal holdes på eller under avtalt nivå, som gjennomsnitt for året



### Avsetningstiltak, faglege tiltak og opplysningsverksemd

Ved overproduksjon kan ein setje i verk strakstiltak, såkalla avsetningstiltak, for å bringe marknaden i balanse att. Eigne regelverk for kvar sektor seier kva avsetningstiltak som kan nyttast. Om det er overskot i kjøttsektoren, kan det til dømes vere aktuelt med fryselaugring av heile eller halve skrottar og enkelte stykningsdelar, og sal av varer til nedskriven pris kan også vere aktuelt. Faglege tiltak og opplysningsverksemd er av meir førebyggjande og langsiktig karakter. Faglege tiltak blir i hovudsak retta mot industrien og produsentane, mens opplysningsverksemda har forbrukarane som målgruppe. Det er først og fremst opplysningskontora og fagsentra som tek seg av dette arbeidet. Kostnadene til opplysningsverksemd og faglege tiltak er relativt stabile. For avsetningstiltak derimot varierer utgiftene med marknadssituasjonen. Stor overproduksjonen fører til høg omsetningsavgift fordi det blir brukt meir pengar på å bringe marknaden i balanse. Motsett kan omsetningsavgifta setjast lågare når bøndene ikkje produserer meir enn norske forbrukarar vil kjøpe. For bonden er det viktig at det blir oppnådd balanse mellom tilbod og etterspørsel i marknaden. I sin tur gir det både best pris for vara og lågast omsetningsavgift.



### Omsetningsrådet

Til å forvalte verkemidla i marknadsreguleringsordninga har staten sett ned eit eige råd, Omsetningsrådet. Medlemmene av rådet er peikte ut av Landbruks- og matdepartementet. (For meir informasjon, les "Fakta om Omsetningsrådet" på side 6.)

### Marknadsregulator

Samverkeorganisasjonane i landbruket har fått den utøvande rolla som marknadsregulator innanfor hovudproduksjonane. Unntaket er hagebrukssektoren. Marknadsregulatoren har den utøvande funksjonen i marknadsreguleringa gjennom at han foreslår og gjennomfører reguleringstiltak. Dette skjer i samsvar med regelverket som er fastsett og blir forvalta av Omsetningsrådet. Marknadsregulatoren får dekning for kostnadene ved dei enkelte tiltaka i samsvar med regelverket.

#### Desse samverkeorganisasjonane er marknadsregulatorar:

- Tine BA
- Norske Felleskjøp
- Nortura BA

Ved inngangen til 2006 var Gilde Norsk Kjøtt BA marknadsregulator for kjøtt, mens Prior Norge BA var marknadsregulator for fjørfe. I 2006 har desse selskapa fusjonert til eitt selskap, Nortura BA, som dermed har ei rolle som marknadsregulator både for kjøtt- og eggsektoren. Frå 01.01.2007 blir marknadsordninga for fjørfekjøtt avvikla slik at marknadsreguleringa for fjørfe berre gjeld egg.

# Fakta om Omsetningsrådet

Landbruks- og  
matdepartementet

Tilsynsutvalet

Omsetningsrådet

Arbeidsutvalet

Statens  
landbruksforvaltning

## Omsetningsrådet

Hovudmålet for Omsetningsrådet er å få til ei effektiv marknadsregulering med lågast mogleg kostnader.

### Omsetningsrådet har desse hovudoppgåvene:

- Administrere marknadsregulerande tiltak
- Kontrollere at marknadsregulatoren følgjer opp forskrifter og vedtak frå Omsetningsrådet
- Krevje inn omsetningsavgift og overproduksjonsavgift
- Fremje faglege tiltak og drive opplysningsverksemd for landbruksvarer ved bruk av midlar frå omsetningsavgiftene
- Administrere andre tilskotsordningar over statsbudsjettet innanfor Omsetningsrådets arbeidsområde på vegne av Landbruks- og matdepartementet

Verksemda til Omsetningsrådet er heimla i omsetningslova – lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvarer. Lova seier at Omsetningsrådet skal ha 19 medlemmer og presiserer kva institusjonar og organisasjonar medlemmene skal representere. Omsetningsrådet er sett saman av representantar for styresmaktene, forbrukarane, faglagane, samverkeorganisasjonane, industrien og handelen. Medlemmene, med personlege varamedlemmer, blir nemnde opp av Landbruks- og matdepartementet (LMD). Samverkeorganisasjonane har fleirtal saman med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag med 10 av dei 19 medlemmene i rådet.

Lova seier også at Omsetningsrådet skal ha eit arbeidsutval (AU) som skal bestå av fem medlemmer frå Omsetningsrådet.

LMD nemner også opp Tilsynsutvalet (TU). Utvalet fører kontroll med verksemda og rekneskapan til Omsetningsrådet og med dei organisasjonane som får støtte frå omsetningsavgiftene og midlar over jordbruksavtalen. TU har i 2006 bestått av: lagmann Ola Melheim (leiar), forskingsleiar Tone Magnussen, fylkesjordsjef Arne Hjulstad og rådgivar Johanne Kjuus.

Statens landbruksforvaltning (SLF) er sekretariat for Omsetningsrådet og Arbeidsutvalet. Sekretariatsfunksjonen inneber økonomiforvaltning, førebuing av saker til møte og oppfølging av vedtak. Verksemdsleiar (adm.dir. i SLF) er den formelle sekretæren for rådet, mens den daglege praktiseringa og utøvinga av sekretariatsoppgåva er delegert til Avdeling for omsetning og marknadstiltak.

I 2006 har Omsetningsrådet hatt 6 møte og behandla 77 saker. Pr. 31.12.2006 bestod det av 58 prosent menn og 42 prosent kvinner. Omsetningsrådet har hatt denne samansetninga:

Organisasjon	Fast medlem	Varamedlem	Oppnemnd i perioden
Landbruks- og matdepartementet	Ottar Befring (leiar)	Anne Kathrine Fossum	2004–2008
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Steinar Hauge	Anne Moursund Skyberg (1.–11. jan.) Elena Bråten (12. jan.–31. des.)	2004–2008
Barne- og likestillingsdepartementet	Elisabeth Varland	Kjersti Larssen	2006–2010
Norges Bondelag	Bjarne Undheim	Harald Milli	2004–2008
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Anne Osland	Knut Sjøvold	2006–2010
Gilde Norsk Kjøtt BA	Harald Mork	Liv-Julie Wågan	2004–2008
Tine BA	Jostein Frøyland (1. jan.–20. juni) Fredmund Sandvik (21. juni–31. des.)	Hanne Refsholt (1. jan.–20. juni) Stein Aasgaard (21. juni–31. des.)	2004–2008
Prior Norge BA	Rune H. Haram	Aud Borge	2006–2010
Hoff Norske Potetindustrier	Ole Festad Lund	Margrete Hembre Haugum (1. jan.–30. juni) Anne Lise Aass (1. juli–31. des.)	2006–2010
A.L. Gartnerhallen	Per Odd Gjestvang	Clas Huseby	2004–2008
Norges Pelsdyrslag	Jørand Ødegård Lunde	Odd Harald Nordsveen (1. jan.–30. juni) Bertran Trane Skadsem (1. juli–31. des.)	2006–2010
Forbrukarrådet	Undis Scheslien	Terje Sørensen	2004–2008
Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund	Grete Andreassen	Johnny Hagen (1. jan.–30. juni) Kjell Mjaatvedt (1. juli–31. des.)	2006–2010
Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon	Mona Søyland	Harald Jachwitz Andersen	2004–2008
Coop Norge	Øyvind Bergstrøm	Marit Bjerkås (1. jan.–30. juni) Hege Berg-Knutson (1. juli–31. des.)	2006–2010
Norsk Landbrukssamvirke	Wenche Lyngholm (1. jan.–22. feb.) Janne Log (1. juli–31. des.)	Eugen Tømte	2006–2010
Kjøttbransjens Landsforbund, Fjørfebransjens Landsforening, Meieribransjens Landsforbund, Norges Frukt- og Grønnsak-grossisters Forbund	Dag Henning Reksnes	Bent Myrdahl (1. jan.–30. juni) Oddmund Østebø (1. juli–31. des.)	2006–2010
Norske Felleskjøp	Marthe Styve Holte	Tore Ruud	2004–2008
Norkorn	Lina Mogstad (1. jan.–20. juni) Arvid Bratlie (21. juni–31. des.)	Ola Svennebye (1. jan.–20. juni) Hege Heiberg (21. juni–31. des.)	2004–2008

I 2006 har Arbeidsutvalet hatt 11 møte og behandla 166 saker. Arbeidsutvalet har hatt denne samansetninga:

Organisasjon	Fast medlem	Varamedlem	Oppnemnd i perioden
Landbruks- og matdepartementet	Ottar Befring (leiar)	Anne Kathrine Fossum	2004–2008
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Steinar Hauge (nestleiar)	Anne Moursund Skyberg (1.–11. jan.) Elena Bråten (12. jan.–31. des.)	2004–2008
Norges Bondelag	Bjarne Undheim	Harald Milli	2004–2008
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Anne Osland	Knut Sjøvold	2006–2010
Omsetningsorganisasjonane	Harald Mork	Jostein Frøyland (1. jan.–21. juni) Fredmund Sandvik (26. okt.–31. des.)	2004–2008

# Omsetningsrådets nøkkeltal 2006



## Oversikt innkomne midlar, bruk og årsresultat 2006

Omsetningsrådet forvaltar midlar frå omsetningsavgiftene, overproduksjonsavgift på mjølk og midlar frå jordbruksavtalen.

	Tusen kr
Fond 1.1.	347 486
Omsetningsavgifter	636 997
Overproduksjonsavgift mjølk	59 718
Midlar frå jordbruksavtalen	13 900
Finansinntekter	8 670
Andre inntekter	3 862
<b>INNTEKTER</b>	<b>723 147</b>
Avsetningstiltak	-482 211
Faglege tiltak og opplysningsverksemd	-200 574
Administrasjon sekretariatet	-9 183
Administrasjon kvoteordninga for mjølk	-3 682
Andre utgifter	-3 123
<b>UTGIFTER</b>	<b>-698 773</b>
Fond 31.12.	371 860
<b>FONDSEMDRING</b>	<b>24 374</b>
Årsresultat	24 374

## Innkome midlar

I 2006 er det bokført kr 723 147 456 i inntekter til fondet. Omsetningsavgift på dei avgiftspliktige produkta utgjer kr 650 897 360. I dette beløpet er det rekna med kr 10 000 000 overført frå jordbruksavtalen som kollektivt dekt omsetningsavgift på hagebruksprodukt, dessutan kr 3 900 000 til avsetningstiltak i hagebrukssektoren. Vidare er overproduksjonsavgift på mjølk bokført med kr 59 717 625. Renteinntekter på fonda er bokført med kr 8 670 271. Andre inntekter utgjer kr 3 862 200.

## Omsetningsavgiftene

Det blir kravd omsetningsavgift på alle landbruksvarene, med unntak av hagebruksprodukt, som blir dekte kollektivt over jordbruksavtalen. Omsetningsavgiftene blir betalte inn av bøndene når dei sel produkta sine. Avgifta blir brukt til finansiering av avsetningstiltak, og/eller til faglege tiltak og opplysningsverksemd.

Avgiftene blir vanlegvis fastsette ved årsskiftet, men blir vurderte kontinuerleg gjennom året i forhold til marknadssituasjonen. Unntaket er kornsektoren, der omsetningsavgiftene følgjer kornåret, som går frå 01.07. til 31.06. Ved endringar gjennom året er prosessen den same som framstilt over. Omsetningsavgifta på kjøtt frå svin, sau/lam og storfe/kalv, dessutan avgifta på korn, blir fastsette av LMD som maksimalsatsar. Innanfor denne øvre grensa kan Arbeidsutvalet for Omsetningsrådet endre avgifta ved behov gjennom året, jf. tabellen på neste side.



Framgangsmåten ved avgiftsfastsetjinga kan forenkla framstillast slik:



### Satsane for omsetningsavgiftene i 2006 (øre pr. liter/kilo)

	Maksimal-sats første halvår	Maksimal-sats andre halvår	01.01. 2006	30.01. 2006	01.07. 2006	03.07. 2006	31.07. 2006	25.09. 2006
Storfe/kalv	150	250	70				220	
Sau/lam	300	200	250	130		80		150
Svin	200	300	190			270		
Egg			80					
Kylling			25					
Kalkun			25					
Pelsdyrskinn*			1 %					
Mjølkk			10		12			
Korn	7		4,5		2			

\* Satsen for pelsdyrskinn er opplyst i prosent

I 2006 fastsette Landbruks- og matdepartementet, med unntak av maksimalsatsane på kjøtt av storfe og kalv for første halvår, satsar som var i samsvar med forslaga frå Omsetningsrådet. For kjøtt av storfe og kalv blei det frå 01.01.2006 fastsett maksimalsats som var 50 øre lågare enn forslaget frå Omsetningsrådet.


#### Overproduksjonsavgift på mjølk

Avgifta blir lagd på produsentar som produserer mjølk utover tildelt kvote. Midlane frå avgifta blir førte til fondet for omsetningsavgift på mjølk. Overproduksjonsavgifta på ku- og geitemjølk var i 2006 på kr 3,10 pr. liter mjølk.

#### Løyvd over jordbruksoppgjeret

Midlar løyvde over underpost 70.11 Avsetningstiltak blir forvalta av Omsetningsrådet. Ved jordbruksoppgjeret 2005 blei følgjande beløp overførte for dei ulike tiltaka:

Tiltak	Løyving 2006 mill. kroner
Kollektiv dekning av omsetningsavgift hagebruk	10,0
Avsetningstiltak hagebruk og potet	3,9
Sum	13,9



Bruken av omsetningsavgiftmidlar for alle sektorar fordelt på høvesvis avsetningstiltak, faglege tiltak og opplysningsverksemd (ikkje indeksregulert).

### Bruk av midlar i 2006

- Avsetningstiltak blir sette i verk for å jamne ut svingingar i produksjon og etterspørsel slik at tilbodet av landbruksvarer til kvar tid og i alle delar av landet samsvarer best mogleg med etterspørselen. Formålet med avsetningstiltaka er først og fremst å sikre stabile prisar.
- Faglege tiltak og opplysningsverksemd har til formål å fremje omsetninga av norske landbruksvarer. Verkemidla er kvalitetsfremjande tiltak retta mot produksjonsledda og gjennom kommunikasjon ut mot mellom anna forbrukarar, institusjonar, skular og varehandelen.

### Årsresultat

Omsetningsrådets verksemd har eit resultat i 2006 på 24,4 mill. kroner. Resultatet er ført mot fondskapitalen, slik at denne er endra tilsvarande frå 347,5 til 371,9 mill. kroner. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

### Samandrag som viser forbruket av midlar i 2006 i mill. kroner

	Avsetningstiltak	Faglege tiltak	Opplysningsverksemd	Sum
Mjølke og mjølkeprodukt	163,1	9,7	21,3	194,1
Kjøtt	243,9	58,8	71,7	374,4
Hagebruk	2,9	1,4	8,6	12,9
Egg	20,1	3,3	7,9	31,3
Fjørfekjøtt	3,8	3,8	10,9	18,5
Korn	48,4	0,5	0,05	49,0
Pelsdyr		2,8		2,8
Sum alle sektorar	482,2	80,3	120,5	683,0

# Mjølkk



## Marknadssituasjonen

I 2006 blei det produsert 1 500 mill. liter kumjølkk og 19,7 mill. liter geitemjølkk. Samanlikna med 2005 er dette ein nedgang på ca. 0,7 prosentpoeng for kumjølkk, mens produksjonen av geitemjølkk har blitt redusert med 1,5 prosentpoeng. Gjennomsnittleg noteringspris på mjølkk var 3,82 kr/l i første halvår, og i samsvar med målpris for avtaleåret 2005/2006. Også for andre halvår 2006 var prisuttaket i samsvar med målpris, som for den aktuelle perioden var 3,84 kr/l.

## Omsetningsavgift og overproduksjonsavgift

I 2006 er det komme inn 167,2 mill. kroner i omsetningsavgift på mjølkk og 59,7 mill. kroner i overproduksjonsavgift. Satsen for omsetningsavgifta var 10 øre pr. liter i første halvår og 12 øre pr. liter i andre halvår. Fondet for omsetningsavgift på mjølkk var på 83,6 mill. kroner ved inngangen til året. Ved utgangen av 2006 var fondet auka til 108,2 mill. kroner. Målet er å halde fondet på ca. 70 mill. kroner.


Omsetnings- og overproduksjonsavgifta på mjølkk blei brukt til avsetningstiltak, faglege tiltak og opplysningsverksemd. I tillegg blei det brukt 3,1 mill. kroner til ekstraordinære kostnader knytte til nytt IKT-system for kvoteordninga for mjølkk. Kostnadene i samband med administrasjon av mjølkkvotane er også dekte over omsetningsavgifta på mjølkk frå 01.07.2006, og var på til saman 3,7 mill. kroner.

## Avsetningstiltak

Størstedelen av marknadsreguleringskostnadene i meierisektoren knyter seg til reguleringseksport av kvitost, prisnedskrivning av skulemjølkk og eksport av smør. I 2006 utgjorde reguleringseksporten av kvitost (2 372 tonn) og smør (302 tonn) eit pristap på høvesvis 43,5 og 5,2 mill. kroner. Prisnedskrivninga av skulemjølkk (17,5 mill. liter) utgjorde 35,9 mill. kroner. Gjennom skulemjølkkordninga blei det i 2006 selt ca. 17,5 mill. liter mjølkk, mot 17,7 mill. liter året før. I tillegg til Tine BA fekk også Q-meieriene AS omsetningsmidlar for leveransar av skulemjølkk i 2006.

Innanlandske prisnedskrivningstiltak består av geitemjølkk til fôr, kasein, sal til spesialmarknader og smørrolje til margarinindustrien. I 2006 blei det brukt til saman 16,1 mill. kroner på denne typen tiltak mot 27,4 mill. året før.





**Bruken av omsetningsavgiftsmidler til marknadsregulering av mjølk.**  
Tala refererer til kostnadene det året dei er rekneskapsførte.

### Samla rekneskap for marknadsreguleringa for mjølk i 2006

Aktivitetar	Kroner
Reguleringseksport av kvitost <sup>1</sup>	43 454 448
Prisnedskrivning av skulemjølk <sup>2</sup>	35 970 724
Reguleringskapasitet	28 114 626
Reguleringstransport	15 409 297
Reguleringseksport av smør	3 463 304
Administrasjonskostnadene til marknadsregulatoren	11 301 951
Lagringskostnader	9 138 474
Prisnedskrivning av kasein	3 139 610
Sal til spesialmarknader	5 756 892
Prisnedskrivning av smørølje	3 361 424
Geitemjølk til fôr <sup>3</sup>	3 823 921
Renteoppgjer	358 823
Avkorting kostnader til marknadsregulering 2004/2005 <sup>4</sup>	-2 609 148
Pristap/prisgevinst	2 419 137
Sum reguleringstiltak i 2006	163 103 483
Av dette dekt over omsetningsavgifta	163 103 483

- 1 Utbetalt beløp for første halvår er korrigert for eksportoppgåvene for 2005.
- 2 Omfattar skulemjølk levert av Tine BA og Q-meieriene. Utbetalt beløp for første halvår er korrigert for 2004 og 2005.
- 3 Utbetalt beløp for første halvår er korrigert for heile 2005.
- 4 Utbetalt beløp er korrigert for opphavleg avkorting i 2004.

### Faglege tiltak og opplysningsverksemd


#### Faglege tiltak

I 2006 fekk Geno for andre gong støtte til avlsarbeid frå omsetningsavgiftene på kjøtt og mjølk. Støtta frå Omsetningsrådet var på til saman 9,3 mill. kroner, av dette er 6,5 mill. kroner finansiert over omsetningsavgifta på mjølk.

Til Norsk Mat- og Miljøanalyse AS blei det i 2006 løyvd 2,4 mill. kroner frå omsetningsavgifta på mjølk. Med tilskotet i år får verksemda for siste gong direkte støtte frå omsetningsavgifta på mjølk. Dette er i samsvar med nedtrappingsplanen som blei vedteken av Omsetningsrådet i 2003.

Stiftinga Matmerk fekk i 2006 støtte frå fonda for omsetningsavgift på mjølk, kjøtt, egg og fjørfekjøtt og hagebruk på til saman 2,1 mill. kroner. Frå fondet for omsetningsavgift på mjølk var støtta på 0,8 mill. kroner.

Samla tilskot til faglege tiltak finansierte over omsetningsavgifta på mjølk i 2006 er 9,7 mill. kroner.



Bruken av omsetningsavgiftmidlar til faglege tiltak og opplysningsverksemd, mjølk.  
Opplysningskontoret for Meieriprodukter blei etablert i 2003, og hadde sitt første heile driftsår i 2004.



### Opplysningsverksemd

melk.no – Opplysningskontoret for Meieriprodukter  
– skal drive merkevareneøytral informasjonsverksemd på vegner av aktørane i den norske meieribransjen, og har

som overordna formål å fremje forbruket av meieri-  
produkt. Verksemda blir i hovudsak finansiert av midlar  
over omsetningsavgifta.

I 2006 er det brukt 21,3 mill. kroner til opplysningsverksemd, mjølk. Beløpet fordeler seg på desse aktivitetane.

Aktivitetar	Kroner
Reklame	5 970 575
Brosjyrar	1 976 318
Informasjonsarbeid mot nøkkelmålgrupper	392 418
Events	880 219
Presse	1 314 702
Fellestiltak i landbruket	183 988
Støttetiltak	104 202
Marknadsanalyse	928 717
Medieovervaking	274 121
Webutvikling	434 103
Kunnskapsdatabase	55 674
Skule	2 305 926
Sum marknadsaktivitetar	14 820 963
Personal- og driftskostnader	6 479 416
Opplysningskontoret totalt	21 300 379
Av dette dekt over omsetningsavgifta	21 297 329

For nærare informasjon om opplysningsverksemda viser vi til nettstaden til Opplysningskontoret for Meieriprodukter, [www.melk.no](http://www.melk.no).

# Kjøtt



## Marknadssituasjonen

Dei første prognosane for kjøttmarknaden i 2006 viste eit samla marknadsoverskot på 11 000 tonn. Dette gjorde at det blei sett i verk fleire ulike tiltak. Året enda med eit totalt marknadsoverskot på 2 900 tonn fordelt mellom svin (+ 3 300 tonn) og storfe (+ 500 tonn) og sau/lam, der det var eit underskot på 900 tonn. Prisuttaket i forhold til prisen i jordbruksavtalen som vege avvik på kalenderåret 2006 var minus kr 1,60 pr. kg for svin, minus kr 0,54 pr. kg for storfe og minus kr 0,18 pr. kg for sau/lam.

## Omsetningsavgift

Marknadssituasjonen for kjøtt utvikla seg annleis enn det ein venta seg då maksimalsatsane for kjøtt for 2006 blei behandla. Under og rett etter E. coli-saka var marknadssituasjonen vanskeleg med mykje negativ merksemd knytt til kjøtt, og med påfølgjande ustabilitet i marknaden. Behovet for oppfølging i marknaden var stort. Maksimalsatsane for kjøtt blei endra for storfe frå kr 1,50 pr. kg til kr 2,50 pr. kg og for svin frå kr 2,00 pr. kg til kr 3,00 pr. kg for å skape økonomisk grunnlag for tiltak. For sau/lam, der marknaden var i ein annan situasjon, blei maksimalsatsane reduserte med ei krone til kr 2,00 pr. kg.

Kjøttmarknaden i 2006 var prega av overproduksjon av svin. Omsetningsavgifta på svin, som ved inngangen til året var på kr 1,90 pr. kg, blei auka til kr 2,70 frå 03.07.2006, og ved utgangen av året var ho framleis på kr 2,70 pr. kg. Dette var nødvendig for å finansiere dei planlagde tiltaka samtidig som det var viktig å unngå den signaleffekten ein reduksjon i satsen ville få i ein marknad med store overskot.

I omsetningsavgift på kjøtt 2006 blei det totalt betalt inn 376,7 mill. kroner. Renteinntektene utgjorde 6 mill. kroner. Til avsetningstiltak blei det brukt 243,9 mill. kroner. Faglege tiltak og opplysningsverksemd utgjorde 130,5 mill. kroner. Fondet for omsetningsavgift på kjøtt var pr. 31.12.2006 på 197 mill. kroner. Det er ein auke på 10,3 mill. kroner i forhold til året før.

## Avsetningstiltak

Det blei produsert 227 650 tonn kjøtt i 2006. Det er om lag 1 prosent meir enn året før. Produksjonen av sau/lam var på 24 550 tonn, noko som er ein nedgang på 3 prosent i forhold til 2005. For storfe blei produksjonen om lag den same som året før, 87 200 tonn. Produksjonen av svin utgjorde 115 900 tonn. Det er ein auke på 3 prosent i forhold til året før.

Produksjonsreguleringstiltaka "slaktning av gris med ekstra låge vektor" og "reduserte slaktevektor" blei gjennomførte på svin. Dette var begge frivillige ordningar for slakteri og svineprodusentar. Tiltaket "slaktning av gris med ekstra låge vektor" blei gjennomført i tre periodar i 2006. Kompensasjonsbeløpet varierte mellom kr 1 030 og kr 910 pr. smågris. Totalt belasta tiltaket fondet for omsetningsavgift med om lag 36,5 mill. kroner. Effekten var ein reduksjon i tilførslane på om lag 1 650 tonn.


"Reduserte slaktevektor" var eit nytt tiltak som ikkje har vore brukt før. Tiltaket blei gjennomført i tre periodar. Kvar enkelt produsent/føretak fekk kompensasjon på kr 8,50 pr. kg for reduksjon i gjennomsnittleg slaktevekt i forhold til ein basisperiode definert som frå 26.09. til 13.11.2005. Slakteria fekk kompensert for marginaltapp



for tilsvarende gjennomsnittleg reduksjon med kr 9,00 pr. kg. Totalt belasta tiltaket fondet for omsetningsavgift med 37,8 mill. kroner. Effekten blir vurdert til 1 600 tonn mindre svinekjøtt tilført marknaden.

Reguleringslageret var ved inngangen til 2006 på 7 536 tonn kjøtt, av dette 2 281 tonn svin, 1 576 tonn sau/lam og 3 679 tonn storfe/kalv. Ved utgangen av året 2006 var reguleringslageret på svin 1 585 tonn, ein nedgang på 696 tonn. På sau/lam var lageret 523 tonn, ein nedgang på 1 702 tonn. På storfe var lageret ved slutten av året 2 704 tonn. Ein nedgang på 975 tonn. På grunn av E. coli-saka og eit stort storfelager frå året før blei situasjonen i storfekjøttmarknaden og avsetning frå reguleringslageret vanskeleg. Det blei derfor opna for sal av bakpart av storfe frå reguleringslageret. Etterspørselen i marknaden for biff og filet blei med dette dekt.


Import er ein del av marknadsbalansen, og rekna om til heilt slakt blei det importert 7 700 tonn kjøtt. Storfe utgjorde 4 400 tonn, svin 2 900 tonn og sau/lam 400 tonn. Det blei eksportert 1 200 tonn storfe og 3 700 tonn svin og ikkje noko sau/lam. WTO-eksportkvotane er for sau/lam 680 tonn, svin 3 791 tonn og storfe 1 497 tonn.



Innanlands sal med frysefrådrag for frosen reguleringsvare er eit kontinuerleg avsetningstiltak. Totalt for 2006 utgjorde frysefrådraget 10,3 mill. kroner. Det blei gitt frysefrådrag for 1 035 tonn storfe og 1 377 tonn svin.

### Totalt avsetningskostnader 2006

Aktivitet	Kroner
Innfrysing	18 865 785
Fryselagring	23 878 113
Andre lagringskostnader	1 949 690
Frakter	10 462 899
Renter andre	602 200
Frysefrådrag	10 347 683
Eksporttap	94 714 808
Pallehald	640 500
Prisgevinst	-3 753 088
Rabattar	88 528
Administrasjon	11 865 197
Sum marknadsreguleringskostnader	169 662 315
Sum produksjonsreguleringstiltak	74 243 372
Totalt avsetningskostnader	243 905 687



Bruken av omsetningsavgiftsmidler til avsetningstiltak for kjøtt.

### Tilbakebetaling av investeringstilskot til reguleringsanlegg

Omsetningsrådet har i 2005 vedteke at Gilde Norsk Kjøtt skal betale tilbake 2,5 mill. kroner av midlar som er stilte til disposisjon frå jordbruksavtalen til Gilde Norsk Kjøtt sitt anlegg i Molde. Beløpet svarer til ikkje forbrukt tilskot.

### Faglege tiltak og opplysningsverksemd

#### Faglege tiltak


Fagsenteret for kjøtt skifte i 2006 namn til Animalia. Animalia er kompetanse- og beredskapssenteret til kjøttbransjen, med tilknytning både til slakteri- og kjøttbedrifter, styresmakter og forskingsmiljø. Saman med Opplysningskontoret for kjøtt dekkjer Animalia heile verdikjeda på kjøtt frå bås til bord. Animalia driv fagleg opplysningsverksemd overfor produsentar og næringsmiddelindustrien. Dei har som formål å stimulere til kvalitetsproduksjon og bidreg også til at det blir gjennomført ulike typar FoU-prosjekt ved vitenskaplege og faglege institusjonar, til fordel for produsentane og bransjen.

Rekneskapen for Animalia viser at den omsetningsavgiftsfinansierte verksemda i 2006 utgjorde 58,8 mill. kroner.


Aktivitet	Kroner
Støtte til kvalitets- og avlsarbeid	16 742 233
Norsk Matanalyse	800 000
Kjøttbransjens Elitelag	500 000
Matmerk	840 000
Sum støtte til kvalitets- og avlsarbeid m.m.	19 115 623
Helsetenesta for svin	3 137 248
Helsetenesta for sau	1 769 794
Husdyrkontrollen, drift	5 134 777
Husdyrkontrollen, utvikling	3 149 267
KOORIMP	643 251
Forsøksskjering, kurs m.m.	2 335 371
Fagsenteret elles	19 563 561
Ekstra FoU-satsing	200 000
Flytting av Animalia	3 750 446
Sum Animalia	39 683 715
Totalt faglege tiltak	58 799 338

Støtte til avls- og kvalitetsarbeid var på 19,1 mill. kroner. Av dette fekk Norsvin 8,8 mill. kroner som blei brukte til gjennomføring av avlsarbeid som prosjekta produktkvalitet, rånesmak og vekstkurver for å auke avlsframgangen for tilvekst og fôrutnytting. Geno fekk i 2006 2,8 mill. kroner til avlsarbeid på NRF, gamle norske storferasar og kjøttfe.





Bruken av omsetningsavgiftsmidlar til faglege tiltak og opplysningsverksemd, for kjøtt.



Omsetningsavgiftsmidlar finansierte 39,7 mill. kroner til drifting av Animalias aktiviteter. Rekneskapen viser at Animalia henta inn 17,3 mill. kroner i samband med fakturerte oppdrag og prosjektstøtte. Auken knytt til oppdrag skriv seg mellom anna frå nettbaserte hygiene-kurs, hygienegjennomgang i slakteria og andre oppdrag i kjølvatnet av E. coli-saka. I 2005 blei det løyvd midlar til flytting av Animalia. Midlane blei betalte ut i 2006. For nærare opplysningar om verksemda til Animalia viser vi til eiga årsmelding.

### Opplysningsverksemd

Oppgåva til Opplysningskontoret for kjøtt (OFK) er å drive forbrukarretta og merkenøytral opplysnings- og informasjonsverksemd om kjøtt. Verksemda blir finansi-ert fullt ut av midlar frå omsetningsavgifta. I 2006 er det brukt 71,7 mill. kroner til dette formålet. Beløpet fordeler seg på desse hovudpostane:

Aktivitet	Kroner
Administrasjon	9 827 112
Utgreiingsbehov	2 551 649
Massekommunikasjon	20 834 296
Informasjonsarbeid/PR	8 377 204
Haldningsskapande arbeid	4 874 693
Marknadsføring handel/industri	9 564 860
Tilleggsloyvingar	15 630 000
Sum	71 699 869

E. coli-saka viste at det var behov for kunnskap om hygiene på kjøkkenet. Omsetningsrådet løyvde 3,5 mill. kroner frå fondet for omsetningsavgift på kjøtt til eit slikt arbeid. Midlane blei brukte til kunnskapsbyggjande informasjon på TV og Internett, dessutan pressetiltak. Som følgje av marknadssituasjonen og behov for ekstraordinære tiltak blei det gjort omprioriteringar på aktivitetsplanen, og det blei sett inn ein ekstrainsats for svinekjøtt. Aktivitetsnivået i kampanjen på haustparten blei auka, og trykket før jul blei intensivert. Lammesesongen såg ut til å bli krevjande og fekk litt meir merksemd. Til saman løyvde Omsetningsrådet 11,5 mill. kroner ekstra til arbeid relatert til E. coli.

OFK måtte som følgje av at området på Løren blei selt, flytte til nye lokale. Omsetningsrådet løyvde 4,13 mill. kroner til flytting og innreiing av dei nye lokala i gamle Løren leir. Kostnadene ugjorde 4,17 mill. kroner. Avviket kom som følgje av dei løysingane og tilpassingane ein gjorde etter ønske frå byantikvaren, og at ein måtte få til praktiske og funksjonelle løysingar undervegs i rehabiliteringa. Frå fondet for omsetningsavgift blei det betalt ut 71,7 mill. kroner til OFK. For nærare informasjon om opplysnings- og reklameverksemda viser vi til årsmeldinga for OFK.

# Fjørte



## FJØRFEKJØTT

### Marknadssituasjonen

Det blei slakta 53 000 tonn kylling og 7 000 tonn kalkun i 2006. Tal for 2006 viser ein auke i tilførsler og engrosal på kylling på høvesvis 12 og 9 prosent samanlikna med året før. Dette gav ei stabil lagerutvikling gjennom året. Marknaden har gjennom året vore i god balanse. Det blei importert 215 tonn kylling i 2006, og eksportert 351 tonn. Det blir omsett så godt som berre norsk vare i ein aukande norsk marknad.

For avtaleåret 2005/2006 var prisavviket i forhold til målpris for kylling minus kr 0,09 pr. kg. Til samanlikning var avviket for avtaleåret 2004/2005 på minus kr 0,16 pr. kg. Ved utgangen av 2006 var det akkumulerte avviket i forhold til målpris kr 0,04 pr. kg.

### Omsetningsavgift

I 2006 blei det betalt inn 17,9 mill. kroner i omsetningsavgift. Samtidig er det inntektsført renter for om lag 0,5 mill. kroner. Omsetningsavgifta på fjørfekjøtt var i 2006 på kr 0,25 pr. kg. Det er brukt 3,8 mill. kroner til avsetningstiltak, og 14,6 mill. kroner til faglege tiltak og opplysningsverksemd.


Fondet for omsetningsavgift på fjørfekjøtt var pr. 31.12.2006 på 21,7 mill. kroner. Eitt år tidlegare var fondet på 22,8 mill. kroner. Etter at vedtaket om avvikling av avsetningstiltaka i marknadsreguleringa blei kjent, er det lagt opp til ei gradvis nedtrapping ved hjelp av ein reduksjon av omsetningsavgifta. På grunn av auka produksjon har reduksjonen av fondet blitt mindre enn venta.

### Avsetningstiltak

Avsetningstiltaka knytte til fjørfekjøtt omfattar hovudsakleg innfrysing og lagring av heil kylling. Ved inngangen til 2006 var reguleringslageret på 424 tonn, men det har gjennom året lege på rundt 100–200 tonn.

Oppstillinga under viser fordeling av midlar på avsetningstiltak for fjørfekjøtt i 2006.

Aktivitet	Kroner
Fryselagring	457 700
Kompensasjon i samband med avvikling av reguleringslager	955 339
Administrasjon	2 411 854
Sum	3 824 893



Bruken av omsetningsavgiftsmidler til avsetningstiltak for fjørfekjøtt.



## EGG

### Marknadssituasjonen

I 2006 var tilførselen av egg omtrent på same nivå som i 2005, mens engrossalet auka med i overkant av 3 prosent samanlikna med året før. I 2006 blei det ei underdekning av norskproduserte egg på ca. 1 600 tonn. Det blei behov for import av egg ved juletider.

For avtaleåret 2005/2006 var prisavviket for egg i forhold til målpris minus kr 0,32 pr. kg. I avtaleåret 2004/2005 var prisavviket i forhold til målpris på minus kr 0,59 pr. kg. Ved utgangen av 2006 var prisavviket kr 0,14 under målprisen.

### Avviklinga av avsetningstiltaka i marknadsreguleringa

Frå og med 01.01.2007 er fjørfekjøtt ute av systemet for marknadsregulering når det gjeld avsetningstiltak. Dette inneber at Norturas rolle som marknadsregulator for fjørfekjøtt blir avvikla, og at målpris og avsetningstiltak på tilbodssida blir fjerna. Målprisen blir erstatta med ein referansepris som blir fastsett av avtalepartane. Fellesfinansierte faglege tiltak og opplysningsverksemd blir førte vidare.


Reguleringslageret for kylling blei avvikla pr. 31.12.2006, og det var då 434 tonn kylling på lageret. Alle aktørane i marknaden fekk tilbod om å kjøpe lageret til nedskriven pris. Nortura overtok lageret då ingen andre melde interesse.

Avviklinga av avsetningstiltaka har også ført til at forskrifter og retningslinjer som vedkjem reguleringa av fjørfekjøtt, er sedde gjennom og oppdaterte i forhold til dei vedtekte endringane.

### Omsetningsavgifta

I 2006 er det betalt inn 41,1 mill. kroner i omsetningsavgift på egg. I tillegg er det inntektsført renter på om lag 0,25 mill. kroner. Omsetningsavgifta på egg var i 2006 på kr 0,80 pr. kg. Det er brukt 20,1 mill. kroner til avsetningstiltak, og 11,1 mill. kroner til faglege tiltak og opplysningsverksemd.

Fondet for omsetningsavgift på egg var pr. 31.12.2006 på 14,5 mill. kroner. Eitt år tidlegare var fondet på 6,6 mill. kroner.



Bruken av omsetningsavgiftsmidler til avsetningstiltak for egg.

## Avsetningstiltak

Marknaden for egg kom raskt i balanse, og kostnadene knytte til avsetningstiltak blei halverte samanlikna med 2005, då fleire ekstraordinære tiltak blei sette i verk.

I perioden 01.01.2005 til 01.08.2006 blei det gitt kompensasjon for utsett innsetjingstidspunkt for verpehøner. I 2006 fjerna ordninga omkring 405 tonn egg frå marknaden til ein kostnad på 1,7 mill. kroner. Til skip i utanriksfart og spesialmarknader blei det levert 480 tonn skalegg. Dette var 40 tonn meir enn i 2005.

Framstilling av eggprodukt skjer i hovudsak ved Prior Eggprodukter AS. Eggeplomme er det forretningsmessig avsetning for innanlands. Eggekvite er i stor grad eit biprodukt med låg etterspørsel, og ca. 70 prosent av produksjonen blir eksportert. Marknadsregulatoren har mottakspått på eggekvite på det vilkår at det er eksportmoglegheiter.

I 2006 blei det eksportert i underkant av 1 100 tonn eggekvite og 12 tonn heileggpulver. Tilsvarende kvantum for 2005 var 701 tonn eggekvite og 180 tonn heileggpulver. Samla eksporttap er blitt kompensert med 9,7 mill. kroner. Øvre grense for eksporttilskot innanfor WTO-avtalen er 17,2 mill. kroner.


Oppstillinga under viser fordeling av midlar på avsetningstiltak for egg i 2006.

Aktivitet	Kroner
Kjølelagring	92 011
Levering til skip osv.	2 593 183
Kjøle- og fryselagring av eggprodukt	38 438
Eksport av eggprodukt *	10 812 501
Utsett innsetjing av verpehøns	1 720 298
Pristap/prisgevinst egg og eggprodukt	-5 510
Administrasjon	4 823 709
<b>Sum</b>	<b>20 074 630</b>

\* Av dette gjeld 1 083 516 kroner etterbetaling av kompensasjon for fraktkostnader ved eksport av eggekvite til Sverige for åra 2003, 2004 og 2005.

## Tilbakebetaling av investeringstilskot til reguleringsanlegg

Omsetningsrådet har i 2006 vedteke at Prior Norge skal betale tilbake 3,5 mill. kroner av midlar stilte til disposisjon frå jordbruksavtalen til Prior Norges anlegg i Sandnes. For anlegget i Sandakerveien vedtok Omsetningsrådet at det ikkje skulle betalast tilbake tilskot. Landbruks- og matdepartementet gjorde om vedtaket, og det er betalt tilbake 0,5 mill. kroner. Beløpa svarer til ikkje forbrukt tilskot.



Bruken av omsetningsavgiftsmidler til faglege tiltak og opplysningsverksemd for egg og fjørfekjøtt.



## Faglege tiltak og opplysningsverksemd for egg og fjørfekjøtt

### Faglege tiltak

Fagsenteret for fjørfe driv fagleg opplysningsverksemd overfor produsentar og bransjen samla sett. Den faglege aktiviteten i 2006 har i stor grad vore prega av veterinærfaglege problemstillingar innanfor dyrehelse og velferd. Viktige satsingsområde har vore tiltak mot *Campylobacter*, tilpassing av nytt regelverk for fjørfehald, overvaking og kontroll av blodmidd, avliving og avhending av utrangerte verpehøns og kompetansebygging hos produsentar og veterinærar. Spesielle dyrefaglege problemstillingar som Fagsenteret har gått inn i, har vore førebyggjande tiltak mot fugleinfluensa, kvalitetsreduksjon hos kalkun og problem med egg-drop i konsumeggproduksjonen.

Til faglege tiltak på egg og kvitt kjøtt er det i 2006 brukt 7 mill. kroner som fordeler seg på desse aktivitetane:

Aktivitet	Kroner
Personal- og administrasjonskostnader	4 097 500
Helse- og sjukdomsproblematikk	368 020
Produktkvalitet	614 191
Produksjonsøkonomi	450 000
Datafangst og økonomi	523 000
Ekstra FoU	989 730
Sum	7 042 441





### Opplysningsverksemd

Opplysningskontoret for egg og hvitt kjøtt driv forbrukarretta, merkenøytral opplysnings- og reklameverksemd om egg og kvitt kjøtt. Verksemda blir finansiert fullt ut av midlar frå omsetningsavgifta.

Til opplysningsverksemd på egg og kvitt kjøtt er det i 2006 løyvd 18,7 mill. kroner som fordeler seg på desse aktivitetane:

Aktivitet	Kroner
Personal- og administrasjonskostnader	5 180 095
Prøvekjøkken	374 954
Reklamemateriell	2 712 398
Annonsering	6 546 417
PR	1 200 000
Marknadsundersøkingar	628 902
Prosjekt "Egg i skolen"	1 659 962
Fugleinfluensa	421 685
Sum	18 724 413


For nærare informasjon om opplysnings- og reklameverksemda viser vi til årsmelding for Opplysningskontoret for egg og hvitt kjøtt.

Kostnadene til faglege tiltak og opplysningsverksemd for fjørfe blei for 2006 fordelte med 11,1 mill. kroner frå avgiftsfondet for egg og 14,6 mill. kroner frå avgiftsfondet for fjørfekjøtt.

### Etablering av nytt felles styre

Som ein del av avviklinga av Norturas rolle som marknadsregulator for fjørfekjøtt er det etablert eit felles styre for verksemda ved Opplysningskontoret for egg og hvitt kjøtt og Fagsenteret for fjørfe. Styret består av representantar frå Nortura BA og Fjørfebransjens Landsforening, der også produsentar er representerte. Styret vil vere avgjerande organ innanfor dei rammene som er vedtekne av Omsetningsrådet når det gjeld fjørfekjøtt. I saker knytte til egg vil det felles styret rapportere til styret i Nortura BA, som i eigenskap av marknadsregulator for egg legg sakene fram for Omsetningsrådet.

# Hagebruksprodukt og poteter



## Marknadssituasjonen

For dei fleste hagebruksprodukta og for potet var det tilnærma normalårsavling i 2006. For lauk blei det noko under normalårsavling, og for potet blei det noko meir småfallen vare enn normalt. Dette har resultert i lett omsetning for fleire av dei norskproduserte grøntvarene.

I jordbruksavtalen er det avtalt målprisar for 17 frukt- og grøntprodukt inklusiv matpoteter. For 11 av produkta er det teke ut målpris, mens det for 6 er teke ut ein pris som ligg noko under målpris. For eple er det gjennomført avsetningstiltak i 2006. Men det blei gode avlingar av eple, og prisuttaket låg ca. 10 prosent under målpris.

## Omsetningsavgifta

Midlane til avsetningstiltak, faglege tiltak og opplysningsverksemd i hagebrukssektoren kjem i hovudsak frå løyvingar over jordbruksavtalen og er avsette på kap. 1150 post 70.11 i statsbudsjettet.

For 2006 blei det i jordbruksavtalen løyvd 10,0 mill. kroner på underposten "Kollektiv dekning av omsetningsavgift hagebruk". Av desse midlane blei det til faglege tiltak og opplysningsverksemd brukt kr 9 961 477. På underposten "Avsetningstiltak hagebruk og potet" blei det løyvd 3,9 mill. kroner over jordbruksavtalen. Det er gjennom året brukt i alt kr 2 932 073 til avsetningstiltak og administrasjon av avsetningstiltak på eple.

Ubrukte midlar frå underpostane "Kollektiv dekning av omsetningsavgift hagebruk" og "Avsetningstiltak hagebruk og potet" er overførte fondet for omsetningsavgift på hagebruk. Inkludert rente for 2006 (kr 405 228) var fondet pr. 31.12.2006 på 15,3 mill. kroner mot 14,8 mill. kroner året før.

## Avsetningstiltak

GrøntProdusentenes Samarbeidsråd (GPS) administrerer avsetningstiltaka på grøntområdet.

### Omsetningsrådet har vedteke desse forskriftene for bruk av avsetningstiltak i hagebrukssektoren:


- Forskrift for tilskot til reguleringslagring for eple
- Forskrift for billegalsaksjonar for eple
- Forskrift for nedskrivningstilskot ved levering til fabrikk av eple
- Forskrift om avsetningstiltak for matpoteter

Dei tre førstnemnde forskriftene blir vedteke for eitt år om gongen.

Arbeidsutvalet vedtok i september å setje i verk reguleringslagring av inntil 2 800 tonn eple hausta 2006. Det blei seinare løyvd kr 1 491 445 til reguleringslagring og kr 866 354 til fabrikkleveranse av eple kl. I for sesongen.

Oppstillinga under viser utgiftar til avsetningstiltak belasta rekneskapen 2006

Aktivitet	Kroner
Reguleringslagring av eple	1 491 445
Levering av eple til fabrikk	866 354
Administrasjon	574 274
Sum	2 932 073



#### Bruken av omsetningsavgiftsmidler til avsetningstiltak for hagebruksprodukt.

Frå 01.01.2005 er prisedskriving av potetsprit lagd inn under forvaltningsområdet til Statens landbruksforvaltning. Utgifter til dette formålet i 2005 og 2006 er derfor ikkje tekne med i diagrammet.

## Faglege tiltak og opplysningsverksemd

### Faglege tiltak


Til faglege tiltak er det brukt i alt kr 1 361 477. Under er hovudpostane spesifiserte.

Aktivitet	Kroner
GrøntProdusentenes Samarbeidsråd (GPS)	600 000
Fruktlagerinspektøren	411 477
Økern Torvhall, marknadsopplysning	200 000
Matmerk Norske Matmerker	150 000
Sum	1 361 477

GPS har, etter same opplegg som tidlegare år, gjennomført produsentretta rådgiving for å betre marknadstilpassinga for grøntprodukt og betre produktkvaliteten. Fruktlagerinspektøren er tilsett i GPS. Inspektøren driv rådgiving overfor fruktlagra for å fremje kvalitet og produksjonstilpassing. Han koordinerer arbeidet med marknadsreguleringstiltak og er med på møte i produsentlag. Økern Torvhall utarbeider marknadsmeldingar kvar veke og arrangerer kurs og møte for produsentane. Verksemda er delvis finansiert som faglege tiltak. Matmerk Norske Matmerker får støtte til kampanjar for Godt Norsk-merket.







Bruken av omsetningsavgiftsmidler til faglege tiltak og opplysningsverksemd i hagebruk.



### Opplysningsverksemd

Midlane til opplysningsverksemd blir administrerte fullt ut av Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker (OFG).

Hovudpostar knytte til bruk av omsetningsavgiftsmidler i OFGs rekneskap for 2006:

Aktivitet	Kroner
Administrasjon	4 791 551
Opplæring retta mot butikk	174 299
Langsiktige produktkampanjar	2 110 302
Informasjonsarbeid	1 045 113
Langsiktige haldningskampanjar	98 537
Internett / elektronisk arkiv m.m.	379 239
Brosjyrar / butikkplakatar m.m.	286 878
Marknadsundersøkingar	104 166
Finans- og salsinntekter	-389 324
<b>Netto kostnader</b>	<b>8 600 761</b>

I diagrammet over er budsjetterte kostnader på kr 8 600 000 frå kollektiv omsetningsavgift hagebruk til opplysningsverksemd tekne med. I tillegg betaler Statens landbruksforvaltning ut midlar til opplysningsverksemd om frukt, grønnsaker og potet i regi av OFG, avsette i statsbudsjettet kap. 1150 post 77.15, kvalitets- og salsfremjande tiltak.

# Korn



## Marknadssituasjonen

Gode avlingar hausten 2005 og overlagra korn frå kornåret 2004/2005 gav store overskot av matkorn i kornåret 2005/2006. Marknadsregulatoren Norske Felleskjøp gjennomførte derfor avsetningstiltak. Hausten 2006 gav mindre avlingar, og prognosen for avlinga i 2006 viser at det ikkje vil bli overskot verken av mat- eller fôrkorn fram til ny kornhaust. Det er derfor ikkje sett i verk avsetningstiltak.

For avtaleåret 2005/2006 blei prisuttaket for matkveite og oljefrø på grunn av overnotering på høvesvis 1 og 2 øre pr. kg i føregående kornår styrt i samsvar med dette. Det blei for alle artane teke ut målpris/styringspris i avtaleåret 2005/2006.

## Omsetningsavgift

Omsetningsavgifta blei fastsett til 4,5 øre pr. kg korn og oljefrø for perioden frå 01.07.2005 til 30.06.2006. For perioden frå 01.07.2006 til 30.06.2007 blei omsetningsavgifta fastsett til 2,0 øre pr. kg. Satsane ligg innanfor ram-


mene for maksimalsatsane, som for begge periodane er på 7,0 øre pr. kg. Satsane for dei to periodane er fastsette av Landbruks- og matdepartementet.

I 2006 er det betalt inn ca. 31 mill. kroner i omsetningsavgift på korn og oljefrø. Saldo for fondet pr. 01.01.2006 var på ca. 32,6 mill. kroner. Fondet er godskrive med ca. 0,5 mill. kroner i renter for 2006. Av fondet er det brukt ca. 48,4 mill. kroner til avsetningstiltak inkludert administrasjon i Norske Felleskjøp og ca. 0,5 mill. kroner til faglege tiltak og opplysningsverksemd, dessutan ca. 0,5 mill. kroner til administrasjon av Omsetningsrådet. Fondet for omsetningsavgift i kornsektoren var pr. 31.12.2006 på ca. 14,7 mill. kroner.

## Avsetningstiltak

I 2005 blei det hausta store avlingar av både mat- og fôrkorn. Samla overskot frå avlinga i 2005 inkludert overlagra korn frå kornåret 2004/2005 var 125 000 tonn matkorn. Av matkornet var 116 000 tonn kveite og 9 000 tonn rug. Alt matkornet blei skrive ned og brukt til fôr, til ein samla kostnad på ca. 44,6 mill. kroner.

Avsetningstiltak korn 2006	tonn	Kroner
Matkveite og matrug nedskrive til fôr	125 000	44 608 891
Renter på mellomvære frå 2005		-22 764
Renter på mellomvære frå 2006		-99 515
Administrasjon		3 883 838
Sum	125 000	48 370 450



#### Bruken av omsetningsavgiftsmidler til avsetningstiltak for korn.

I 2002 og 2003 var det berre kostnader til administrasjon av marknadsregulator.




#### Faglege tiltak og opplysningsverksemd

Opplysningskontoret for brød- og bakevarer, Brødfakta, blei lagd ned 30.12.2005. Hausten 2006 vedtok Omsetningsrådet at det kan brukast midlar frå fondet for omsetningsavgift på korn til finansiering av eit nytt opplysningskontor, Opplysningskontoret for brød og korn. Møllebransjen og bakarbransjen deltek også i finansieringa av opplysningskontoret, som vil vere i drift ein gong i 2007.

I 2006 er det innleidd eit 3-årig prosjekt for å betre kvaliteten på avlingsprognosane for korn. Det er vidare etablert ei merkeordning for grovt brød.

Aktivitet	Kroner
Fagleg tiltak, prognoseprosjekt	500 000
Opplysningsverksemd, merkeordning for grovt brød	49 386
Sum	549 386



#### Bruken av omsetningsavgiftsmidler til faglege tiltak og opplysningsverksemd i kornsektoren.

I 2002 til 2004 var Opplysningskontoret for brød og bakevarer, Brødfakta, i drift. I 2005 blei det løyvd eit mindre beløp til avvikling av Brødfakta.

# Pelsdyr



## Marknadssituasjonen


2006 blei eit rekordår for prisane på minkskinn. Det var også akseptable priser på langhåra pelsverk som sølvrev og mutasjonsrev, mens prisnivået på blårev og shadow har vore dårleg. Minkproduksjonen i Noreg har auka ca. 20 prosent kvart år dei siste to åra. Ein ventar at produksjonen vil halde fram med å auke sjølv om ein reknar med at prisane på minkskinn nådde toppen i 2006.

## Omsetningsavgifta

Omsetningsavgifta på pelsdyrskinn har i 2006 vore på 1 prosent av salsbeløpet. Avgiftssatsen for dei to føregåande åra var på 2,25 prosent. I 2006 er det bokført innbetalt i overkant av 3 mill. kroner i avgift. Til faglege tiltak og opplysningsverksemd i regi av Norges Pelsdyrslag er det brukt 2,8 mill. kroner i 2006. Det var pr. 31.12.2006 0,4 mill. kroner på fondet for omsetningsavgift på pelsdyrskinn.

Omsetningsverdien for pelsskinn i 2006 blei 7 prosent høgare enn budsjettert.

I 2006 har det vore mykje merksemd rundt bruken av omsetningsavgifta. Det er gjort ei juridisk vurdering knytt til bruken av avgifta på pelsdyrskinn i forhold til forbodet mot ulovleg statsstøtte slik det går fram av artikkel 61 i EØS-avtalen. Det er ikkje funne at praktiseringa av omsetningsavgifta på pelsdyrskinn er i strid med dette regelverket. Det blei likevel vurdert som uheldig og upraktisk at ikkje andre marknadsaktørar blir gitt høve til å ta del i den næringsmessige tilrettelegginga av pelsskinnavgifta, og derfor er det etablert rutinar der København Fur er invitert til å ta del i utarbeidinga av det budsjettforslaget som skal leggjast fram for Omsetningsrådet.



Bruken av omsetningsavgiftsmidler til faglege tiltak og opplysningsverksemd, pelsdyr.

### Faglege tiltak og opplysningsverksemd

Midlane frå omsetningsavgifta på pelsdyrskinn blir brukte berre til faglege tiltak og opplysningsverksemd. Av Norges Pelsdyrslag sine totale kostnader på 15,6 mill. kroner på dette området, blei 2,8 millionar (ca. 18 prosent) dekt over omsetningsavgifta. I 2005 blei det brukt 4,2 mill. kroner.

Det blir lagt vekt på at pelsskinnavgifta skal brukast til aktivitetar som alle norske pelsdyroppdrettarar kan ta del i, og som er til gagn for alle produsentar uavhengig av salsstad. Midlane i 2006 er brukte til delvis dekning av kostnadene til fagleg rettleiing overfor produsent, sjukdomsnedkjemping, dyrevelferd og forskning. Forde-linga på dei ulike postane går fram av tabellen under.

Aktivitet	Kroner
Opplysningsarbeid	120 000
Fagleg opplysning overfor produsent	270 000
Sjukdomsnedkjemping og overvaking	500 000
Dyrevelferd	280 000
Forskningsprosjekt	1 470 000
Administrasjonsutgifter	160 000
SUM	2 800 000



# Rekneskap for omsetningsavgiftene 2006



## RESULTATREKNEKAP

(Tal i heile tusen)

Mottekne omsetningsavgifter og løyvingar	Spesifikasjon i notar	2006	2005
Mottekne omsetningsavgifter	1	714 477	646 726
Avsetningstiltak		482 211	480 257
Faglege tiltak		80 243	76 352
Opplysningsverksemd		120 331	105 096
Andre løyvingar		-	-
Sum løyvingar	1	682 785	661 705
<hr/>			
Disponible omsetningsavgiftsmidlar		31 692	-14 979
Netto administrasjonskostnader belasta omsetningsavgiftene	1 og 2	15 988	9 644
Finansinntekter	1	8 670	6 931
Årsresultat overført frå (til) fondskapital	1	24 374	-17 692


## BALANSE PR. 31.12.








(Tal i heile tusen)







Eigedelar	Spesifikasjon i notar	2006	2005
Omløpsmidlar			
Forskotterte midlar	3	26 569	476
Driftskredittlån	4	137 000	165 000
Uteståande avgifter	5	180 530	161 269
Andre fordringar	6	7 351	37 453
Bankinnskot		130 917	110 034
Sum omløpsmidlar		482 367	474 232
Sum eigedelar		482 367	474 232
<b>Gjeld og fondskapital</b>			
Fondskapital	1	371 860	347 486
Kortsiktig gjeld			
Løyvde, ikkje utbetalte midlar	7	47 055	79 693
Anna kortsiktig gjeld	8	12 714	6 158
Forpliking reguleringsanlegg	9	50 738	40 895
Sum kortsiktig gjeld		110 507	126 746
Sum gjeld og fondskapital		482 367	474 232

Oslo, 31. desember 2006

18. juni 2007

  
 Ottar Befring  
 for Anne M. Skjerve  
 Steinar Hauge  
 Harald Mork  
 Harald Mork  
 Mona Søyland  
 Bjarne Undheim  
 Janne Log  
 Janne Log  
 Ola Chr. Rygh  
 Ola Chr. Rygh  
 adm. direktør

  
 Knut Sjøvold  
  
 Undis Seheslien  
  
 Marthe Skjve Hofte  
  
 Per Odd Gjestvang  
  
 Jørund Ødegård Lunde  
  
 Rude Henning Haram  
  
 Dag Henning Reksnes

  
 Elisabeth Varland  
  
 Øyvind Bernstrøm  
  
 Grete Andreassen  
  
 Espen Christophersen  
  
 Fredmund Sandvik  
  
 Arvid Bratlie  
  
 Bent Syver Halden  
 seksjonssjef

# Notar til rekneskap for omsetningsavgiftene



Årsrekneskapen omfattar som tidlegare innkreving av avgifter etter omsetningslova og bruk og forvaltning av desse avgiftene. For 2006 er dessutan dei uteståande fordringane lagde inn i balansen.

Omsetningsrådet følgjer opp på vegner av Landbruks- og matdepartementet når det gjeld tilbakebetalingar av tidlegare løyvingar til reguleringsanlegg, jf. notane 6 og 9.

## Prinsipp

Avgiftene blir resultatførte etter kvart som dei blir fakturerte produsentar, omsetningsledda og det offentlege. Opptente, men ikkje innbetalte avgifter pr. 31.12. vil då vere tekne med i rekneskapen. Avgiftene som blir drivne inn gjennom Statens landbruksforvaltning, er berre periodiserte i forhold til det SLF pr. 31. desember har fått innbetalt i avgifter. Dette er i samsvar med fråsegner frå Riksrevisjonen og betyr at det rekneskapsmessig vil kunne vere litt avgiftsetterslep for korn, kjøtt og fjørfe.

Løyvingane blir resultatførte etter kvart som dei er behandla i organa til Omsetningsrådet. Vedtak som er gjorde i 2007, og som gjeld utgiftsmessige forhold for 2006, er også resultatførte. Dette betyr at det i balansen finst ein post for løyvde ikkje utbetalte midlar. Tilsvarende kan enkelte organisasjonar ha fått forskot på avgiftsmidlar.

Netto administrative kostnader blir fordelte på fondskapitalen til den enkelte sektor i samsvar med vedtak i Omsetningsrådet 26.04.2002. Kostnader som kan plasserast direkte, blir fordelte direkte. Renteinntekter blir berekna og fordelte til fondskapitalen med utgangspunkt i det som til kvar tid er inneståande midlar. Det er etablert separate bankkonti pr. sektor.





## Note 1 - Fondskapital for omsetningsavgiftene pr. 31.12.2006 og endring i året

(Tal i heile tusen)

Sektor	Fondskapital 01.01.06	Mottekne- omsetn. avgifter		Løyvingar	Rente- inntekter	Inndekn. adm. kostn.	Endring i fondskapital	Fondskapital 31.12.06
Kjøtt	186 677	380 582	1)	-374 365	6 001	-1 846	10 373	197 050
Egg	6 649	41 143		-31 223	242	-2 294	7 868	14 517
Fjørfekjøtt	22 777	17 914		-18 443	495	-1 008	-1 042	21 735
Mjølkk	83 562	226 900	2)	-194 141	964	-9 097	24 626	108 188
Pelsdyrskinn	387	3 046		-2 800	23	-276	-7	380
Hagebruk	14 814	13 900	3)	-12 894	405	-917	495	15 309
Korn	32 620	30 992		-48 920	540	-550	-17 939	14 681
Sum	347 486	714 477		-682 785	8 670	-15 988	24 374	371 860

1) inkl. standardisert erstatning på 3,8 mill. kroner

2) inkl. overproduksjonsavgift på 59,7 mill. kroner

3) inkl. 3,9 mill. kroner til avsetningstiltak

## Note 2 - Administrasjonskostnader

	2006	2005
Sekretariatskostnader 2006	8 148	7 895
Møtekostnader til rådet, årsmelding og gebyr	266	244
Honorar til Omsetningsrådet, Arbeidsutvalet og Tilsynsutvalet	630	591
Revisjon inkl. mva.	139	124
Tilpassingar i fagsystem for mjølkekvotar (FAME)	-	145
Nytt fagsystem for mjølkekvotar (MELK)	3 123	645
Administrasjon kvoteordninga for mjølkk	3 682	-
Sum administrasjonskostnader	15 988	9 644



### Note 3 - Forskotterte midlar

	2006	2005
Tine BA	24 728	-
Nortura BA (Prior Norge BA i 2005)	1 097	-
Norges Pelsdyrslag	100	-
Opplysningskontoret for frukt og grønnsaker	-	101
GrøntProdusentenes Samarbeidsråd	39	90
Brødfakta	136	284
Norske Felleskjøp	468	-
Sum	26 569	476

### Note 4 - Driftskredittlån

Gilde Norsk Kjøtt BA	137 000	165 000
Prior Norge BA	-	-
Sum	137 000	165 000

### Note 5 - Utestående fordringar fordelt pr. sektor

Leveranseregisteret - avgift på kjøtt	73 123	80 686
Leveranseregisteret - avgift på fjørfekjøtt	2 266	2 114
Utestående avgift på mjølk	91 518	63 544
Utestående avgift på pelsdyrskinn	161	247
Utestående avgift på egg	6 534	10 068
Utestående distrikts- og frakttilskot, egg	2 064	1 695
Utestående avgift kjøttprodusentar	403	114
Utestående avgift på korn	790	2 598
Utestående rente på kjøtt	252	203
Utestående tilbakebetaling i samband med kompensasjon til slakteri	3 419	-
Sum	180 530	161 269



## Note 6 - Andre utestående fordringar

	2006	2005
Utestående fordringar knytte til reguleringsanlegg*	3 488	37 339
Utestående fordringar knytte til standardisert erstatning Mørk Engebretsen Invest AS**	3 862	-
Diverse andre fordringar	-	114
Sum	7 351	37 453

\*Fordring i 2006 gjeld Nortura BA og er betalt inn i 2007. Utestående i 2005 hos A.L. Gartnerhallen er betalt inn i 2006. A.L. Gartnerhallen hadde anka avgjerda om tilbakebetaling inn for lagmannsretten, men saka blei avgjord med forlik mellom partane i 2006.

\*\*Standardisert erstatning (tvangsmulkt) heimla i forskrift 1. april 2004 nr. 611 om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen § 8, jf. lov av 16. januar 2004 nr. 5 om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen § 10, pålagt av SLF 06.10.2006 for brot på § 3 første ledd i husdyrkonsesjonslova. Saksøkjaren ønskjer ei rettsleg overprøving av saka og sende stemming til Oslo tingrett 28.03.2007 med staten v/Statens landbruksforvaltning som saksøkt og med Regjeringsadvokaten som statens prosessfullmektig.

## Note 7 - Løyvde, ikkje utbetalte midlar

Tine BA	-	12 564
Nortura BA (Gilde Norsk Kjøtt BA i 2005)	40 855	63 441
Nortura BA (Prior Norge BA i 2005)	-	2 947
GrøntProdusentenes Samarbeidsråd	-	-
Norske Felleskjøp	-	618
Tilskot svineproduksjon - tilbakebetalingskrav pga. misleghald	78	78
Tilskot slaktning av gris med ekstra låge vekter	5 057	-
Kompensasjon til slakteri/føretak	1 015	-
Q-meieriene AS	51	45
Sum	47 055	79 693



### Note 8 - Anna kortsiktig gjeld

	2006	2005
Forskningsavgift og matproduksjonsavgift	8 691	5 715
Leverandørgjeld	245	71
Skyldig offentlege avgifter	365	372
Skyldig kompensasjon til slakteri	3 413	-
Sum	12 714	6 158

### Note 9 - Forplikting knytt til reguleringsanlegg

Mellomvere med departementet/SLF midlar til rådvelde		
Rest frå fjørfesektoren	7 011	3 039
Rest hagebruk/grøntsektoren	38 599	38 082
Tilgang i året Gilde Norsk Kjøtt	7 324	3 080
- tilbakebetalt reguleringsmidlar til SLF i 2005	-3 381	-3 381
Totalt disponibelt uavrekna frå reguleringsanlegg	49 552	40 819
Netto finansielle postar i året	1 186	76
Sum	50 738	40 895



STATSAUTORISERTE  
REVISORER

Independent member

BKR  
INTERNATIONAL

Til Tilsynsutvalget for Omsetningsrådet.

## REVISJONSBERETNING FOR 2006

Vi har revidert årsregnskapet for Omsetningsrådet for regnskapsåret 2006. Årsregnskapet for omsetningsavgiftene viser et overskudd på TNOK 24.374 som er tillagt fondskapitalen. Vi har også revidert opplysningene om årsresultatet i årsmeldingen, herunder anvendelsen av overskuddet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet for omsetningsavgiftene består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Årsregnskapet er avgitt av medlemmene av Omsetningsrådet og med bistand fra Statens Landbruksforvaltning som Rådet's sekretariat.

Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorloven og god revisjonsskikk i Norge og revisjonsstandarder vedtatt av Den Norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av virksomhetens formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet for Omsetningsrådet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og at det gir et rettviseende bilde av den økonomiske stillingen 31. desember 2006 og for resultatet av virksomheten i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge,
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge,
- opplysningene i årsmeldingen om årsresultatet, med omtale av anvendelse av overskuddet og av forutsetningen om fortsatt drift er konsistent med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Stabekk, 18. juni 2007

NITSCHKE AS

Steinar P. Rossow  
statsautorisert revisor

Nitschke AS

Gamle Drammensv. 40. Postadresse: Postboks 23, 1321 Stabekk.

Telefon: 67 10 77 00. Telefaks: 67 53 59 89. E-mail: firmapost@nitschke.no. www.nitschke.no

Bankgiro: 8200 02 06853. Postgiro: 0807 3808 403. Org.nr: 914658314 MVA

## Oversikt over regelverk knytt til marknadsreguleringa

Område	Tittel	Dato og nr.	Sist endra
Generelt	Lov til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror	10.07.36 nr. 6	21.12.01
	Forskrift om Omsetningsrådets myndighet vedrørende marknadsregulering for jordbruksråvarer	01.07.03 nr. 919	08.07.04
	Forskrift om omsetningsavgift på jordbruksvarer, og om overproduksjonsavgift på mjølk	29.06.99 nr. 763	22.12.05
	Forskrift om innkreving av omsetningsavgift og overproduksjonsavgift	20.12.96 nr. 1343	11.12.02
	Forskrift om tilbakebetaling av tilskudd bevilget til reguleringsanlegg	21.05.79 nr. 4272	
	Forskrift om anvendelse av midler fra omsetningsavgiften til faglige tiltak og opplysningsvirksomhet	25.09.91 nr. 1018	
Mjølk	Forskrift om marknadsregulering av norskprodusert melk og melkeprodukter	28.11.96 nr. 1478	05.12.03
	Forskrift om marknadsregulators forsyningsplikt innenfor melkesektoren	05.12.03 nr. 1602	
	Forskrift om reguleringsvare og forretningsmessig lagringsperiode i melkesektoren	29.09.04 nr. 1372	
	Forskrift om gjennomføring av skulemjølkordninga	13.05.97 nr. 1556	05.12.03
	Forskrift om prisnedskrivning ved salg av melkefett i form av smørølje til margarinindustrien	12.05.98 nr. 1569	05.12.03
	Forskrift om dekning av transportkostnader ved reguleringsproduksjon av meieriprodukter	27.11.98 nr. 1570	23.06.05
	Forskrift om prisnedskrivning ved salg av kasein til industriformål	13.07.04 nr. 554	
	Nærmere bestemmelser om godtgjørelse av marknadsregulators reguleringskapasitet i melkesektoren	01.12.04	
	Kravspesifikasjon for rå melk	05.12.03	
	Kravspesifikasjon for smør ev. fløte etter avtale	13.05.97	05.12.03
Kjøtt	Forskrift om marknadsregulering av norskprodusert kjøtt	14.03.96 nr. 1477	05.12.03
	Forskrift om reguleringsvare i kjøttsektoren	25.09.00 nr. 1707	18.06.04
	Forskrift for kompensasjon ved slaktning av gris med ekstra lave vekter	29.09.04 nr. 1446	(Utgår 01.01.2007)
	Retningslinjer om informasjonsflyt i kjøttsektoren	05.12.03	
Egg og fjørfekjøtt	Forskrift om marknadsregulering av norskprodusert egg	30.11.93 nr. 1440	05.12.03
fjørfekjøtt	Forskrift om priskompensasjon for skilleprodukter og praktisering av Prior Norges kjøpeplikt på norskprodusert eggehvite	29.06.93 nr. 1439	
	Forskrift om godkjente eggpakkeriers adgang til å levere overskuddsegg til marknadsregulator	08.06.95 nr. 1217	05.12.03
	Forskrift om private fjørfeslakteriers medvirkning ved billigsalg av fjørfekjøtt	30.11.93 nr. 1441	(Utgår 01.01.2007)
	Forskrift om frivillig førtidsslaktning av høns i 2005	17.11.04 nr. 1523	(Utgår 01.01.2007)
	Forskrift om kompensasjon ved utsatt innsettidspunkt for verpehøner	01.12.04 nr. 1697	
	Retningslinjer om informasjonsflyt i eggsektoren	05.12.03	
	Retningslinjer om informasjonsflyt i fjørfekjøttsektoren	05.12.03	
Grønt	Forskrift om tilskot til produsentretta rådgjeving i grøntsektoren	05.06.97 nr. 1557	
	Forskrift for tilskudd ved fabrikklevering av eple i 20056	23.06.05 nr. 880	
	Forskrift om tilskudd til reguleringslagring av eple i 20056	23.06.05 nr. 879	
	Forskrift om tilskudd til billigsalgsauksjoner for eple i 206	23.06.05 nr. 878	
	Forskrift om avsetningstiltak for matpoteter	19.06.03 nr. 1885	
Korn	Forskrift om marknadsregulering av norskprodusert korn og oljefrø	21.06.02 nr. 772	01.12.04
Honning	Forskrift om anvendelse av midler avsatt under jordbruksavtalen til avsetningstiltak for honning	23.09.93 nr. 1442	

**Statens landbruksforvaltning**  
Postadresse: Postboks 8140 Dep,  
NO-0033 Oslo, Norway  
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00,  
Telefaks: +47 24 13 10 05,  
E-post: [postmottak@slf.dep.no](mailto:postmottak@slf.dep.no)  
Web: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

